

GJERMUNDNES 2024 – info 2



Stad: Gjermundnes Landbruksskule, Gjermundnes.

Tid: 29.juni - 6.juli 2024 (Maur/arbeidsleir: 26.jun - 7.jul)

Motto: Knyte saman

For kven: Speidarar som er ferdig med 5.klasse og oppover.
(Maur/arbeidsleir, ferdig med 10.klasse)

Prisar: **2100,-** for ein familiemedlem
1700,- pr stk ved to familiemedlem
1300,- pr stk ved tre eller fleire familiemedlem
(Leiarar og maur tel ikkje med som familie)

Auka pris med 400,- i kvar kategori **etter 15.april 2024.**

Ein gratis leiar pr. 10 speidarar (0-10 = 1, 11-20 = 2, osv)

Leiarpris 800,-.

Maur 0,- ved deltaking før-under-etter,

800,- om ein er maur kun før leiren.

Påmeldingsfrist (samla frå gruppa): **15.mars 2024**

I påmeldings-skjemaet må det meldast allergiar/ev diettbehov, og namn + telefonnr til ein foresatt (el kontaktperson) til kvar speidar som kan nåast under leiren.

De må også bestille raiar på påmeldingsskjemaet.

Program: leirbygging, samling ved sena, knute-kro, gudsteneste, peffkro, leirfres, roverkro, leirbål, globalmarked, aktivitetsdag, haik, turnering og enno litt meir.

Leirbålsinnslag: Vi har som mål at alle grupper skal bidra med eit leirbålsinnslag på eit av dei 3 fellesleirbåla. Så begynn gjerne å tenke, og utfordre nokon i gruppa til dette.

Innrykk og avreise.

- Innrykk frå klokka 09.00 laurdag 29.juni. Har de behov for å kome fredag kveld, ta kontakt.

- Avreise frå klokka 09.00 laurdag 6.juli. Husk at området skal vere inspisert før avreise.

Første matutdeling (middag) er laurdag 29.juni klokka 15.00. Om de treng mat før det, må de ha med sjølv.

Besøk i leiren: Leiren er alltid «open». Det er ikkje lagt opp til ein eigen besøksdag. I tillegg til laurdag, vil søndag også vere «byggedag». Frå tysdag til onsdag er det haik.

Onsdag ettermiddag er det Globalmarked og nattverdsgudsteneste, då kan det vere kjekt med besøk. Og fredag er det Aktivitetssløype (ei form for løp der ein må bruke speidarferdigheiter og samarbeid) frå kl.12.00, og det trur vi kan vere kjekt å sjå på.

Kiosk og speidarbutikk.

- Is, brus, sjokolade, potetgull og litt anna snakcs. Litt speidareffektar.
- De kan bruke kontantar og kort (izettle). Krinsen har også vipps, men mange barn/unge kan ikkje vippse til ein organisasjon.

- For leirkomiteen, Hild Myrene

Vedlegg: forhåndsfres og dagsprogram

Veit du om leiarar/foreldre i di gruppe som kan tenke seg å bidra under leiren, så har vi behov for det. Særleg iht matutdeling, kiosk, lyd/lys og sanitet. Men finst det nokon med annan «spesial-kompetanse», så tips oss gjerne.